



## **RADØY IDRETTSLAG – ARBEIDSPLAN 2017**

RIL tek sikte på å arbeida vidare med og styrkja aktivitetar laget har hatt på programmet i 2016.

Bana i Austmarka er mykje brukt og eit stort aktivum for fotballen i Radøy/Manger og for skulen og dei som bur i nærområdet.

Radøy/Manger har etter avtale drift-/vedlikehald av kunstgrasbana.

Garderobebygg i Austmarka og utviding av Samfunnshuset (meir lager) må prioriterast.

Bana på Sletta med kringliggjande område treng ytterlegare vedlikehalde i 2017, og nytt garasjebygg må komma på plass.

Vidare er det ønskjeleg med fleire aktivitetar, så her er det berre å komma med framlegg.

Aktuelle oppgåver i 2017:

- Fylgja opp medlemsregisteret --- må lagast eige register for vaksne
- Auka aktivitet innan turn/idrettsskule
- Supplera med aktuelt utstyr
- Vedlikehalda bana på Sletta. Banedekke må tilførast sand og gjerde/not kring bana treng vedlikehald
- Oppføring av garasje for lagring av traktor/klippar og anna utstyr på Sletta
- Vidareføring av planar for garderobebygg Austmarka
- Utbygging av huset på Sletta – plass for utstyr mm
- Fleire/andre aktivitetar
- Rekruttera fleire trenarar/leiarar
- Tilbod om kurs/oppdatering for styret/trenarar/leiarar
- Prioritera heimesida og sosiale media i større grad